



Fylkesmannen i
Hordaland

FORVALTINGSPLAN FOR FLOTANESET NATURRESERVAT HESTABOTN NATURRESERVAT

Modalen kommune, Hordaland

Naturkvaliteter, bevaringsmål og forvaltningstiltak



MVA-rapport 9 / 2013

FORVALTNINGSPLAN FOR
FLOTANESET NATURRESERVAT
OG
HESTABOTN NATURRESERVAT

Fylkesmannen i Hordaland
2013

Utgjevar: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 9/2013
Tittel: Forvaltingsplan for Flotaneset naturreservat og Hestabotn naturreservat, Modalen kommune, Hordaland. Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak.	ISBN: 978-82-8060-096-7
Forfattar: Astrid Bakke Haavik	Dato: 18.04.2013
<p>Samandrag:</p> <p>Naturreservata Flotaneset og Hestabotn vart begge verna ved kongeleg resolusjon den 13. oktober 2000. Føremålet med vernet er å ta vare på naturlege førekomstar av barlind. Begge reservata ligg nokså tungt tilgjengeleg til, høgt oppe i lia på austsida av ytre del av Mofjorden. Flotaneset naturreservat, som ligg lengst sør, er 733 daa stort og er det største barlindreservatet i Hordaland. Hestabotn er mindre, 282 daa, men også her er det ein stor førekomst av barlind.</p> <p>Denne forvaltingsplanen skal sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvalitetane i dei to naturreservata. Det er også ønskeleg at planen skal vere eit godt hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte ved at den vil vere rettleiande og utfyllande i forhold til verneforskriftene.</p> <p>Forvaltingsplanen presenterer verneverdiane og mål ved bruk av omgrepa <i>naturkvalitetar</i>, <i>bevaringsmål</i> og <i>forvaltingsmål</i>. Dette er ein metode og innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområde i Noreg.</p> <p>Hovudmålet for forvaltning av Flotaneset og Hestabotn er at skogen skal få utvikle seg naturleg, utan inngrep, som eit referanseområde for naturleg barlind på Vestlandet.</p> <p>God kunnskapsformidling og informasjonsflyt mellom forvaltninga, brukarar og grunneigarar er eit mål i seg sjølv. Kunnskapen om Flotaneset NR og Hestabotn NR skal gjerast tilgjengeleg for allmenta og utvidast så langt det lar seg gjere.</p>	
<p>Referanse:</p> <p>Fylkesmannen i Hordaland 2013. Forvaltingsplan for Flotaneset naturreservat og Hestabotn naturreservat, Modalen kommune, Hordaland. Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak. – MVA-rapport 9/2013.</p>	
<p>Emneord:</p> <p>Naturreservat, naturkvalitet, bevaringsmål, barskog, forvaltingsplan.</p>	
<p style="text-align: center;">Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf. 55 57 22 00, fmhopostmottak@fylkesmannen.no www.fylkesmannen.no/hordaland http://hordaland.miljostatus.no</p>	

Kart og nøkkeldata for Hestabotn naturreservat



Vernetidspunkt:	Areal (daa):	Kommune:	Forvaltingsstyresmakt:	Oppsyn:
13. oktober 2000	282	Modalen	Fylkesmannen i Hordaland	Statens natur- oppsyn, Bergen

Verneformålet slik det er presentert i verneforskrifta

«Føremålet med fredinga er å sikre eit lite påverka naturmiljø med ein stor førekomst av barlind med uvanleg vekstform. Førekomsten ligg langt inne i landet og er høgtliggjande, og saman med barlinda i Flotaneset ligg desse lokalitetane langt frå andre kjende førekomstar. Hestabotn er av vitskapleg interesse som referanseområde.»

Kart og nøkkeldata for Flotaneset naturreservat



Vernetidspunkt:	Areal (daa):	Kommune:	Forvaltingsstyresmakt:	Oppsyn:
13. oktober 2000	733	Modalen	Fylkesmannen i Hordaland	Statens natur- oppsyn, Bergen

Verneformålet slik det er presentert i verneforskrifta

«Føremålet med fredinga er å sikre eit lite påverka naturmiljø med ein høgtveksande og stor førekomst av barlind som både ligg langt inne i landet og som saman med barlindførekomstane ved Hestabotn ligg langt frå andre kjende førekomstar. Her finst det største hotreet av barlind som er kjent i Norden. Flotaneset har vitskapleg interesse som referanseområde.»

Forord

Flotaneset naturreservat og Hestabotn naturreservat vart begge verna ved kongeleg resolusjon den 13. oktober 2000. Begge er område med gode førekomstar av barlind, som blir rekna som viktige referanseområde, og begge vart vurderte som "særdeles verneverdige" under arbeidet med verneplan for barlind og kristtorn tidleg på 1990-talet.

Denne forvaltningsplanen er basert på utkast til skjøtelsesplanar for Flotaneset og Hestabotn som vart utarbeidd i 2000 av Brith Natlandsmyr og Arnfinn Skogen ved Botanisk institutt, Universitetet i Bergen, på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Skjøtelsesplanane var ein del av prosjektet «Vegetasjon, bruk og skjøtsel i verneområdene for barlind og kristtorn i Hordaland».

Formålet med forvaltningsplanen er å skissere korleis ein best mogleg kan ta vare på dei naturkvalitetane som finst i dei to naturreservata. Den skal gjere opp status for verneområda, og klargjere og utfylle vernereglane. Forvaltningsplanen gir ikkje nye avgrensingar ut over verneforskriftene. Det er Fylkesmannen i Hordaland som er forvaltingsstyresmakt i naturreservata, og som har ansvar for å utarbeide ein forvaltningsplan og å foreslå eventuelle tiltak for å sikre verneverdiane.

Kjell Kvingedal
fylkesmiljøvernsjef

Innhold

KART OG NØKKELDATA FOR HESTABOTN NATURRESERVAT	5
KART OG NØKKELDATA FOR FLOTANESET NATURRESERVAT	7
FORORD	9
INNHALD	11
1. BAKGRUNN FOR VERN	13
VERN AV BARLIND	13
2. OM NATURRESERVATA	15
FLOTANESET NATURRESERVAT	15
HESTABOTN NATURRESERVAT	15
BRUKARINTERESSER	16
INNGREP	16
3. TILRÅDINGAR OM SKJØTSEL OG BRUK	16
4. MÅL OG STRATEGIAR	16
FORVALTINGSMÅL	17
BEVARINGSMÅL	17
5. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	17
OPPSYN I VERNEOMRÅDET	17
FORVALTNINGSMYNDE	17
GENERELL DISPENSASJON ETTER § 48 I NATURMANGFALDLOVA	18
HANDSAMING AV DISPENSASJONSSAKER	18
TILRÅDINGAR OM SKJØTSEL OG BRUK	19
FRAMANDE ARTAR	19
INFORMASJON OG FORMIDLING	19
OPPSUMMERING TILTAK	19
6. LITTERATUR	19
7. VEDLEGG	21
VEDLEGG 1. FORSKRIFT OM FREDING AV FLOTANESET SOM NATURRESERVAT	21
VEDLEGG 2. FORSKRIFT OM FREDING AV HESTABOTN SOM NATURRESERVAT	23

1. Bakgrunn for vern

Naturvern byggjer på oppleving av naturen, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving er basert på at naturen har verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også opplevingsverdi, verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv verdi for å skape forståing for natur og dermed òg vern av natur (Direktoratet for naturforvaltning 2001).

For å sikre område som er særleg viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar blir i stor grad påverka negativt av menneskelege aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Ivaretaking av naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkningsfaktorar. Vern av område etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre natur- og kulturverdiane for framtida.

Forvaltingsplanen er tufta på verneforskrifta. Vernereglane skildrar målet med vernet og kva som er forbode og lovleg. Vernereglane er ikkje utdjupande og eventuelle skjøtselstiltak for å fremje verneformålet er ikkje omtalt. Ein forvaltingsplan presiserer vernereglane, og har fleire andre føremål. Desse er dei viktigaste:

- Gi grunneigarane og andre brukarar konkrete retningslinjer for korleis forvaltingsstyresmakta vil praktisere vernereglane, og der målet er å klargjera i kva grad tradisjonell bruk av område kan halde fram samstundes som verneføremålet vert ivareteke.
- Informasjon ovanfor allmenta når det gjeld verneverdiar og behovet for vern.
- Gi ei oversikt over dei viktigaste oppgåvene ved forvaltning av området, og korleis desse bør prioriterast. Døme på slike oppgåver er skjøtsel for å oppretthalde natur- og kulturtilstand, tilrettelegging av informasjon, oppsyn, forskning og undervisning.


Forvaltingsplanen skal ikkje skjerpe inn eller svekke vedtekne vernereglar. Den er derimot ein reiskap for å klargjera rammene for den vidare bruken og forvaltninga av området, slik at dette kan halde fram mest mogeleg fleksibelt og utan unødige konfliktar med andre eigar- og brukarinteresser.

Vern av barlind


Barlind er eit eviggrønt tre som veks i låglandet i fuktige kyst- og fjordstrok i Sør-Norge nord til Møre. Barlinda tåler kulde, men er var for frost, og bør helst ha varme somrar og milde vintrar. Trea er særbu, det vil seie at trea er anten han- eller og hoplanter. Pollenet blir spreidd med vind. Frøet er ei steinfrukt omkransa av ein raud kappe av fruktkjøtt. Denne førkappa er det einaste på barlinda som ikkje er giftig. Både baret, frøet og barken inneheld stoffet taksin som er sterkt giftig. Hjorten ser likevel ut til å tåle gifta godt, og hjortegneg er ofte den største faren for barlinda.

Barlind har ei rekkje ulike vekstformer, frå rettstamma tre til krypande, matteformande individ. Dei største barlindane på Vestlandet kan vere svært gamle, truleg opp mot 1000 år, kanskje til og med over.

Hordaland har rikare førekomstar av barlind enn noko anna fylke i landet. Mange av bestandane av barlind i Hordaland er internasjonalt verneverdige i kraft av sin individriktom, førekomst av uvanleg store tre, og variasjonsriktom. Truleg finn vi berre liknande bestandar i Storbritannia. Noreg har difor eit internasjonalt ansvar for å ta vare på førekomstar av barlind i Hordaland.



Figur 1: Kart over registrerte førekomstar av barlind i Noreg (frå Artskart, 19.11.2012).



Figur 2: Ei barlind i Hestabotn vart freda i som naturminne ("Otterstad naturminne") i 1931 på grunn av si spesielle vekstform, tett inntil ein bergvegg. På grunn av vekstforma har den blitt kalla "espalierbarlinda".

2. Om naturreservata

Flotaneset og Hestabotn ligg oppe i fjellsidene aust for Mofjorden i Modalen kommune. Områda høyrer til grunnfjellsområdet i Nordhordland og berggrunnen består mest av næringsfattige gneisbergartar, stadvis kvartsrik gneis og kvartsitt. Dette gir eit relativt tynt og næringsfattig jordsmonn, dels med torv. Nokre stader finst eit tynt dekke av morenemateriale og rasmateriale under dei bratte berga. I desse partia inneheld jorda meir næringsstoff.

Klimaet i Modalen er svært fuktig, og både sommar- og vintertemperaturane er relativt låge. Vekstsesongen i området er relativt kort, 180-190 døgn. Dei lokalklimatiske tilhøva er gunstige der barlindbestandane veks, sær for til dels stupbratte fjellskrentar som både gir le for nordavind og magasinerar varme. Det er jamt over meir enn 125 døgn med snødekt mark per år, og dei store nedbørsmengdene gjer at det ofte er mykje snø i området. Mange tre, også barlind, ser ut til å vere felte av snøras.

Flotaneset naturreservat

Med sine 733 daa er Flotaneset naturreservat det største av barlindreservata i Hordaland. Det ligg utilgjengeleg til, 225-405 m o.h., i den søraustvendte, bratte lia under Raunefjellet, like aust for Mostraumen. Det omfattar nordvestlige del av Skjeggevikshellaren, med vekslande våte, myrlendte parti, berg i dagen, bratte stup og lier i nord, og eit slakare parti lenger nordvest. Dei fleste barlindane veks på nordvestsida av Bergstjørna (som frå gammalt vart kalla Flotanestjørna – grunneigar Kjell Nerhus pers. medd.) og nedover langs nordvestkanten av Skjeggevikshellaren. Bestanden av barlind tel truleg 150-200 større tre, dei fleste 4-7 m høge. Det største hotreet av barlind som er kjent i Norden veks i Flotaneset, den har eit stammeomfang ved rota på fire meter og er 8 meter høg.

Vegetasjonen er dominert av myr og furuskog, totalt 250 daa produktiv barskog, til dels med mykje eik. Det er også osp-bjørkeskog og eit lite parti dominert av lind. Barlinda her veks i lysopen furuskog.

Hestabotn naturreservat

Hestabotn naturreservat ligg ca. 1,5 km i luftline nordover frå Flotaneset. Det ligg 120-490 m o.h. og har ei utstrekning på 282 daa. Sjølve Hestabotn er ein trong, sørvendt dal om lag 250 m o.h., avgrensa av stup mot vest og nord. Dalsidene er rasmark med ganske grove blokker. Den største førekomsten av barlind veks i den austvendte rasmarka her, der barlind dannar eit relativt tett bestand i underskogen. Her står òg ein barlind med spesiell vekstform, som vart freda som naturminne i 1931. Treet veks som ein espalier opp mot ein bergvegg, truleg ei tilpassing til hyppige snøras. Ein mindre bestand med barlind finst i berghamrar lenger opp mot Kolhaugen. I undersøkingar gjort i 1991 vart det talt til saman 126 barlindar, men dei fleste relativt gamle, og forynginga såg ut til å vere dårlig (Lindmo m.fl. 1992). Eit lite felt med om lag 20 tre vart funne 360-410 m o.h. Reservatet omfattar også fjella rundt, opp til 490 m o.h. Desse er nakne og delvis utan vegetasjon. Vegetasjonen i området er lysopen furuskog med mykje eik og bjørk.

Brukarinteresser

På grunn av den vanskelege tilgangen er det lite brukarinteresser knytt til dei to verneområda.

Dei er lite besøkte i friluftssamanheng. For å komme til Hestabotn kan ein følgje stien mot Slottet (ein markert fjellformasjon ca. 200 m o.h.), som er merka med plakat ved hovudvegen ved fjorden. Gjennom Flotaneset naturreservat går det ein umerka sti, men denne er såpass utydeleg at det kanskje berre er snakk om eit hjortetrakk.

Det er ikkje knytt spesielle landbruksinteresser til reservata.

Inngrep

Begge reservata ser ut til å vere lite påverka av menneskeleg aktivitet, men mange barlindar er tydeleg beita av hjort. Skadeomfanget auka mykje under dei kalde vintrane i 2009 og 2010.

Vestgrensa for Hestabotn naturreservat går langs ei kraftlinje.

3. Tilrådingar om skjøtsel og bruk

Vegetasjonen i Flotaneset og i Hestabotn naturreservat har ikkje omgåande behov for skjøtsel, men mange av barlindane har til dels sterke beiteskadar frå hjort. Ein bør difor vurdere å gjerde inn enkelte ungplantar av barlind for å sikre forynging.

Forynginga av barlind er elles dårleg, utan at ein kjenner årsakene til dette sikkert. Beite frå hjort kan vere ei årsak. Barlinda er særbu, og kjønnsfordelinga kunne teoretisk sett spele ei rolle, men teljingar viser at dette neppe er noko god forklaring (sjå Tabell 1).

Tabell 1. Kjønnsfordeling i barlindpopulasjonar Hestabotn og Flotaneset (etter Lindmo m.fl. 1991)

Område	n ♂	n ♀	% ♂	% ♀
Hestabotn	21	18	53,8	46,2
Flotaneset	7	16	30,4	69,6

Tradisjonelt beite kan vere gunstig for å sikre nok lys til unge barlindplantar. Barlind er giftig, og blir normalt ikkje beita, men som nemnt over, har beiting frå hjort blitt eit problem dei seinare åra.

Frå eit vegetasjonsfagleg synspunkt er det ikkje noko i vegen for vedhogst eller plukkhogst av tømmer i avgrensa omfang i desse områda. Forsiktig uttak av furu vil ikkje skade barlindbestandane, men slik områda ligg til topografisk, vil det neppe vere særleg aktuelt i dag.

4. Mål og strategiar

Det er ikkje store konflikhtar knytt til vernet, korkje i Flotaneset eller i Hestabotn. Området blir no berre litt brukt til friluftsføremål. Den største og best kjende naturkvaliteten her er bestandane med barlind som veks langt unna andre kjende bestandar.

Forvaltingsmål

- Bevare to særeigne førekomstar av barlind som ligg langt unna andre kjende førekomstar
- Områda skal vere viktige område for barlind også i framtida

Bevaringsmål

Naturkvalitet	Bevaringsmål	Trugsmål	Tilstand	Aktuelle tiltak	Metode
Naturskog	Skogen skal utvikle seg naturleg	Klimaendringar, langtransportert ureining	God	Overvake	Synfaringar
Barlind	Områda skal vere viktige lokalitetar for barlind	Hjorteskadar: overbeiting og ringbarking	Middels god (beiteskadar og dårleg forynging)	Overvake Gjerde inn enkelttre for å sikre forynging	Overvake hjorteskadar Synfaringar
Framande artar	Det skal ikkje vere framande skadelege artar i reservatet		God	Fjerne framande artar	Synfaringar

5. Forvaltingsoppgåver og tiltak

Oppsyn i verneområdet

Det er Statens naturoppsyn (SNO) avdeling Bergen som har ansvar for oppsyn i naturreservata i Modalen. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området blir følgde. I tillegg vil SNO til dømes bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til gjennomføring av ulike tiltak inne i reservatet. Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter dei sju miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet på oppdrag frå fylkesmannen drive rettleiing og informasjon, skilting, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon.

Forvaltningsmynde

Det er Fylkesmannen som er forvaltningsstyresmakt i naturreservata. Alle aktivitetar i naturreservatet som ikkje er direkte heimla i verneforskrifta krev løyve frå Fylkesmannen. Om ein ønskjer å gjere tiltak eller drive organisert aktivitet innanfor reservata må ein sende skriftleg søknad, der ein grunngir behovet for tiltaket/bruken og kva verknader det kan ha på omgjevnadene. Fylkesmannen har også rettleiingsplikt. Difor kan Fylkesmannen kontaktast om ein lurar på om ein treng søknad eller korleis ein sender søknad.

Generell dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova

Då naturmangfaldlova tok til å gjelde i 2009, vart alle verneforskriftene som var vedteke etter eldre lovverk vidareført, bortsett frå eitt punkt. Den generelle dispensasjonsheimelen som finst i verneforskriftene for Flotaneset og Hestabotn naturreservat, kap VIII, har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova (sjå under). Dette betyr at søknad om dispensasjon for tiltak som ikkje fell inn under ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta, skal handsamast etter reglane i § 48. Paragrafen er til for dei tilfella der det planlagde tiltaket tydeleg ikkje har blitt vurdert som ei problemstilling då området vart verna. I tillegg skal paragrafen fange opp tiltak av stor (nasjonal) samfunnsverdi, som elles ikkje ville bli tillate.

Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted.

Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Handsaming av dispensasjonssaker

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Om det er tiltak som krev tillating frå andre lovverk må ein sende søknad til dei som forvaltar det gjeldande lovverket (t.d. er det kommunen som kan gi dispensasjonar etter motorferdsellova). Søknaden må innehalde ei vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Ved vurderingar av søknader skal bakgrunnen for at verneområdet vart oppretta (verneføremålet) tilleggjast stor vekt. Dersom det er uvisse rundt kva verknadar eit tiltak kan få for verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknadar.

Når det blir gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i eit naturreservat, blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet. Det skriftlege løyvet skal ein ha med seg under gjennomføringa, slik at det kan visast fram på førespurnad. Etter at tiltaket er gjennomført skal ein kort rapport om dette sendast fylkesmannen.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gi nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Om fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka sendt vidare til DN for endeleg avgjerd.

Tilrådingar om skjøtsel og bruk

Korkje Flotaneset eller Hestabotn naturreservat har omgåande behov for skjøtsel, men tradisjonelt beite vil vere gunstig. Frå eit vegetasjonsfagleg synspunkt er det ikkje noko i vege for vedhogst eller plukkhogst av tømmer i avgrensa omfang i desse områda. Enkelte ungplanter av barlind kan gjerdast inn for å sikre forynginga på sikt. Skånsamt uttak av furu vil ikkje skade barlindbestanden.

Framande artar

Det er eit lite felt med planta gran aust i Flotaneset. På sikt er det ønskjeleg å hogge desse, men dette har førebels låg prioritet.

Informasjon og formidling

Plakat til verneområda er under produksjon.

Oppsummering tiltak

Tiltak	Ansvar
Overvake tilstand til barknagde barlindar i Hestabotn	SNO – påbyrja, held fram
Kartlegge forynging av barlind	SNO – sjå etter småplanter
Lage informasjonsplakat til verneområda (ein felles plakat for begge reservata). Ein plakat skal stå ved parkeringsplassen og stien mot Slottet, og ein i Modalen sentrum.	Fylkesmannen (produksjon), SNO (utplassering)

6. Litteratur

- Hauge, S. 2001 a. Takst verneområde Flotaneset for sameige gnr./bnr. 74/1, 2 og 4. Skogeigarlaget Vest. 15s. + kart. (upubl.)
- Hauge, S. 2001 b. Takst verneområde Flotaneset for Magne Farestveit. Skogeigarlaget Vest. 15 s. + kart. (upubl.)
- Hauge, S. 2001. Takst verneområde Hestabotn for Jostein Otterstad. Skogeigarlaget Vest. 14 s. + kart. (upubl.)
- Angell-Petersen, I. 1992. Barlind og kristtorn i Vest-Norge. Utkast til verneplan. DN-rapport 1992-10. 85 s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 121. 279 s.
- Lindmo, S., Salvesen, P.H., Skogen, A. 1991. Verneverdige forekomster av barlind og kristtorn i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Bot. inst. Univ. Bergen. Rapp. 50. 125 s.
- Ragnhildstveit, J. og Helliksen, D. 1997. Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Bergen – M 1: 250 000. Norges geologiske undersøkelse.

7. Vedlegg

Forskrift om freding av Flotaneset som naturreservat, Modalen kommune, Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. 13. oktober 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit område med barlind i Modalen kommune i Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. oktober 2000 under namnet Flotaneset naturreservat.

II

Det freda området femner om gnr./bnr.: 74/1, 74/2, 74/3, 74/4.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 733 dekar.

Grensene for naturreservatet er vist på kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2000.

Kartet og forskrifta vert lagra i Modalen kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land, og knekkpunkta skal koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å sikre eit lite påverka naturmiljø med ein høgtveksande og stor førekomst av barlind som både ligg langt inne i landet og som saman med barlindførekomstane ved Hestabotn ligg langt frå andre kjende førekomstar. Her finst det største hotreet av barlind som er kjent i Norden. Flotaneset har vitskapleg interesse som referanseområde.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude busker og tre, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet.
Nye planteartar må ikkje først inn. Planting og såing av tre og buskar er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Idrettsarrangement, jaktprøver og anna organisert bruk av naturreservatet er forbode. Dette er likevel ikkje til hinder for organisert ferdsel i reservatet i samband med undervisning.
5. Motorisert ferdsel er forbode, inkludert start og landing med luftfartøy.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning, medrekna naudsynt motorferdsel i desse høve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt og fiske.
4. Tradisjonell beiting.

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Organisert verksemd.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtsel for å fremme føremålet med fredinga, herunder kanalisering av ferdseil. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselen.

VIII

(avløyst av § 48 i naturmangfaldlova)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga tilseier det, for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i særlege tilfelle om det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Forskrift om freding av Hestabotn som naturreservat, Modalen kommune, Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. 13. oktober 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit område med barlind i Modalen kommune i Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. oktober 2000 under namnet Hestabotn naturreservat.

II

Det freda området femner om gnr./bnr.: 77/1.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 293 dekar.

Grensene for naturreservatet er vist på kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2000.

Kartet og forskrifta vert lagra i Modalen kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å sikre eit lite påverka naturmiljø med ein stor førekomst av barlind med uvanleg vekstform. Førekomsten ligg langt inne i landet og er høgtliggjande, og saman med barlinda i Flotaneset ligg desse lokalitetane langt frå andre kjende førekomstar. Hestabotn er av vitskapleg interesse som referanseområde.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude busker og tre, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet.
Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre og buskar er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, parkering av campingvogner, brakker o.l., framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Oppistinga er ikkje fullstendig.
4. Idrettsarrangement, jaktprøver og anna organisert bruk av naturreservatet er forbode. Dette er likevel ikkje til hinder for organisert ferdsel i reservatet i samband med undervisning.
5. Motorisert ferdsel er forbode, inkludert start og landing med luffartøy.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning, medrekna naudsynt motorferdsel i desse høve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt og fiske.
4. Tradisjonell beiting.

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

5. Vedlikehald av kraftlinje som er i bruk på fredingstidspunktet.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Organisert verksemd.
2. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak nevnt under kap. V pkt. 5.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtsel for å fremme føremålet med fredinga, herunder kanalisering av ferdseil. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselen.

VIII

(avløyst av § 48 i naturmangfaldlova)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga tilseier det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i særlege tilfelle om det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse:
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-096-7
ISSN: 0804-6387